

Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland. 6. Mars 2017

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland

Møtetype: Styremøte

Deltakarar: Eva Bjelland, Siw Gjesdal, Aina Sunde Dahl, Ketil Simonsen og Hans Hodne. Kopi av referat til Rut og Anita.

Sak ein: Arbeidsinstruks for styret gått igjennom, og dei enkelte rollene for styret fordelt. Aina tek over som kasserar etter Lisbett. Ellers ikkje nokon forandring.

Sak to: Drop boksen verkar ut til å væra full. Eva prøver å finna ut av det.

Sak tri: Medlemmar. Purra på medlemsavgift. Kjem denne purringa kun på epost? Må sjekka med NKK. Kunne godt ha purra på andre måtar enn berre epost.

Sak Fire: Utstillingskomiteen får ansvaret for sløyfer til utstilling. Herunder varelager, bestilling og rapportering til kasserar.

Sak fem: Nettansvarleg. Me prøvar å få på plass ein redaksjon til å drifte heimeside og facebook. (Siw, Åse Katrine og Rut) Facebook administrator må oppdaterast ut frå det nye styret, og alle arrangement må ut på facebook.

Sak seks: Aktivitetsliste. Aktivitetar gått igjennom og det meste er på plass etter kvart. Alle som er ansvarlege for aktivitetar må sjekka at opplysningar på lista er rettige.

Sak sju: Treningplass. Det vert nå laga annonse på Finn.no, og facebook. Men me ville og gjerne ha sett kva Sandnes kommune eventuelt kunne ha å tilby oss på Sviland. Ketil tek kontakt med Rita angående det.

Eventuelt: Det vil verta apport og søkstreningar etter ferien. (Sommer) Siw utdannar seg til smeller instruktør, og vil gjerne halda eit prøve kurs. Sånn cirka til sommeren.

Møteplan for det kommande året: 24 april, 12. juni, 22 august, 17 oktober, og 16. januar.